

KONKURRANSEGRUNNLAG



Masfjorden kommune

**Avgrensa anbodskonkurranse
etter del II i forskrifta**

for anskaffing av

**Takarbeid 3 kommunale barnehagar i Masfjorden
kommune**

Saksnr. 23/105



Versjon 3

Innhold

1 GENERELL SKILDRING	3
1.1 Oppdragsgivar	3
1.2 Skildring av leveransen.....	3
1.3 Deltilbod	3
1.4 Viktige datoar	3
1.5 Språkkrav.....	4
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD.....	4
2.1 Anskaffingsprosedyre	4
2.2 Skatteattest	4
2.3 Teieplikt.....	4
2.4 Vedståingsfrist.....	5
2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget	5
2.6 Tilleggsopplysninger	5
2.7 Leveringsomfang/ skildring av yting.....	5
2.8 Byggjesøknad / ansvarsrett	5
3 KVALIFIKASJONSKRAV	6
3.1 Leverandøren si registrering, autorisasjon mv.	6
3.2 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren	6
4 TILDELINGSKRITERIUM	6
5 INNLEVERING AV TILBOD	7
7. Vedlegg	8

1 GENERELL SKILDRING

1.1 *Oppdragsgiver*

Masfjorden kommune (org. nr. 945627913) er oppdragsgjevar.

Oppdragsgiver sin kontaktperson er:

Namn:	Roald Kvingedal
e-post	roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen via **mercell**, kommunikasjon.
Mercess.com

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgiver når det gjeld konkurransen enn nemnd kontaktperson.

1.2 *Skildring av leveransen*

Det skal skiftast takstein inkl. anna tilhøyrande arbeid på 3 kommunale barnehagar på Matre, Nordbygda og Sandnes, totalt ca. 1540 m²

Fullstendig skildring av leveransen følgjer av vedlegg 1 til kontrakt.

Kostnadsramma er sett til kr 1.800.000,- NOK.

1.3 *Deltilbod*

Det er høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

1.4 *Viktige datoar*

Oppdragsgiver har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Tilbodssynfaring. Sandnes Barnehage kl 900 .	17.02.2023
Nordbygda barnehage kl 11.00 . Matre Barnehage 13.00	
Referat frå tilbodssynfaring	22.02.2023
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	24.02.2022
Frist for å levere tilbod	06.03.2023 kl 1200
Tilbodsopning	Uke 10
Evaluering	Uke 11
Melding om val av leverandør	Uke 12
Kontraktsinngåing	Veke 13

Vedståelsesfrist 90 dagar.

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter opning av tilboda er førebelse. Ei eventuell forlenging av vedståingsfrist kan berre skje med samtykke frå leverandøren.

1.5 Språkkrav

All kommunikasjon mellom tilbydar og oppdragsgjevar skal vere på norsk, både i konkurransen og i kontraktsfasen.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del II.

Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren avgrensa anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1(1). Anskaffelsen vert gjort som lukka anbodskonkurranse der inviterte firma er med å gje pris.

Det blir gjort merksam på at tilbod som inneholder vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avvisast etter forskrift om offentlige anskaffelser § 24-8(1) b. Oppdragsgivar kan avvise tilbod som inneholder avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege, jf. § 24-8(2) a i forskrifta.

Leverandøren blir derfor på det sterkeste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt skal sendes skriftlig via **meldingstjeneste på Mercell**.

2.2 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

Ved byggje- og anleggskontraktar skal også alle underleverandørar levere skatteattest.

2.3 Teieplikt

Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold

det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA § 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.4 ovanfor.

2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål og svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har vorte inviterte til å levere tilbod.

2.6 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan ein skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar ved oppdragsgivar sin kontaktperson.

Det er ikkje tenkt å avhalda anbodssynfaring. Om nokon av tilbydarane likevel ynskjer det, må dei ta kontakt mimimun 1 veke før tilbudsfrist. Då blir det det lagt ut melding på Mercell om felles synfaring

Spørsmål skal sendes skriftlig via meldingstjeneste på Mercell. Alle spørsmål vil bli besvart i anonymisert form og gjort tilgjengelig for alle som har registrert seg for mottak av konkurransegrunnlaget på Mercell i rimelig tid før tilbudsfristens utløp.

2.7 Leveringsomfang/ skildring av yting

Sjå vedlegg 1

Oppdragsgjevar forutset vidare at tilbydar kjenner offentlege lover, forskrifter og retningsliner for så vidt desse kan vera relevante for utføringa av arbeida og/eller kostnadene. Desse lovene - og forskrifter heimla i lovene – skal - viss påkrevd - oppfyllast i ein eventuell leveranse:

2.8 Byggjesøknad / ansvarsrett

Oppdragsgjevar vil sørga for byggjesøknader i samband med prosjektet.

Tilbydar må påta seg å erklære ansvarsrett for prosjektet for sitt fag.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

Ved innlevering av tilbod til konkurransen, må interesserte leverandørar fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjemaet som ein førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava nedanfor.

3.1 Leverandøren si registrering, autorisasjon mv.

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none">• Norske selskap: Firmaattest

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.	Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Skildringa må inkludere opplysning om verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post) av oppdraget. Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.

4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelingskriteriet er dei kriteria som oppdragsgjevar skal leggje vekt på ved val av tilbod. Ei samla vurdering av tildelingskriteria vil avgjere kven av dei kvalifiserte tilbydarane som blir tildelt kontrakt.

Tildelinga vil skje med bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris, kvalitet/ kompetanse og leveringstid/ evne:

Tildelingskriterier	Beskrivelse	Vekt
Pris	Her vert samla kostnader for leveringa vurdert.	60 %
Kvalitet/kompetanse	Leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra, og vekte kompetansen på dedikerte medarbeidarar i prosjektet.	20%
Leveringstid og gjennomføringsevne	Forpliktende og maksimal leveringstid fra bestilling/avrop	20%

Kunden vil leggje vekt på tilbydar si løysningsspesifikasjon, inkludert kvalitet, og tekniske løysingar i høve til krav.

Gode løysingar og innfriing av desse utover eventuelle minstekrav vert veklagt positivt i poengsetting.

Dersom leverandør tek atterhald vil dette bli veklagt negativt.

Ved evaluering av oppgaveforståing og gjennomføringsevne vil ulikheter i oppfyllingsgrad gje utslag i poengsetting. Ein plan som gir komplett oversikt over alle fasar med leverandør og kunde sine aktivitetar vil vektleggast positivt.

Det vil også verta veklagt positivt at tidsbruk i ulike faser er godt begrunna, og at planen er målbar i høve til framdrift i prosjektet.

Det vil bli lagt vekt på tilbydar si erfaring frå liknande arbeider, og eventuelle underleverandørar sin kompetanse og erfaring.

5 INNLEVERING AV TILBOD

Tilbudsfrist er: **06.03.2023 kl 1200**

Tilbud skal leveres elektronisk via www.mercell.com innen tilbudsfristen.

Systemet tillater heller ikkje å senda inn tilbud elektronisk via Mercell etter tilbudsfristens utløp. Nettstedet er: www.mercell.com

Er du ikkje bruker hos Mercell, eller har du spørsmål knyttet til funksjonalitet i verktøyet, for eksempel, korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med Mercell Brukerstøtte på tlf: 21 01 88 60 eller på e-post til: <https://www.mercell.com>

Tilbod per telefaks, post eller e-post blir ikke akseptert.

Alle henvendelser / spørsmål angående anbudsmaterialet skal skje skriftlig via

meldingstjeneste på **Mercell**, slik at svarene blir samlet opp og meddelt samtlige deltagere.

6. Oppdragsgivers forbehold

Oppdragsgiver forbeholder seg retten til å anta ethvert tilbud eller forkaste samtlige dersom resultatet av konkurransen gir saklig grunn til det.

Oppdragsgiver forbeholder seg videre retten til å avlyse konkurransen på ethvert stadium dersom det foreligger saklig grunn.

Det tas forbehold om politisk godkjenning av prosjekt, og kostnadsrammer før kontraktsinngåelse.

7. Vedlegg

- Vedlegg 1 – Skildring av leveringsomfanget
- Vedlegg 2 – SHA plan
- Vedlegg 3 – Tilbodsskjema
- Vedlegg 4 - Bilete og teikningar